

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	14.04.21	18/21

SPØRSMÅL OM PRISAUKE OG MINDRE JUSTERING AV AVTALE OM FISKEKORT FOR JOTUNHEIMEN

Saksdokument:

1. Sak 21/17 i fjellstyret.
2. E-post frå Lom fjellstyre av 21.01.21.
3. Sak 16/21 i Lom fjellstyre, med forslag til revidert avtale (er vedlagt saka).

Saksutgreiing og vurdering:

Fjellstyret for Luster austre statsallmenning, Lom fjellstyre og Vågå fjellstyre inngjekk i 2010 ei samarbeidsavtale om felles fiskekort for Jotunheimen. Målet var å gje gjestar på vandring i Jotunheimen tilbod om eit felles stongfiskekort for den mest «sentrale» delen av området. I Langmorkje følgjer grensa for Jotunheimenkortet nasjonalparkgrensa. Siste prisjustering var i 2017, og fjellstyret behandla dette i sak 21/17.

Lom fjellstyre som administrerer ordninga, foreslår nå ei prisjustering att, og fjellstyret fatta følgjande vedtak i sak 16/21:

Lom fjellstyre godkjenner forslag til revidert avtale for fiskekort Jotunheimen med desse tillegga til avtala frå 2017:

Justering av avtala frå 2021:

- Prisen på fiskekorta kan årleg aukast med auken i konsumprisindeksen så lenge ein ikkje overstig gjeldande prisramme.
- Digitalt kart over gjeldande område er tilgjengeleg på Inatur.

Prisen på fiskekort Jotunheimen gjeldande frå 01.04.21 blir:

1-døgn kr. 95, 3-døgn kr. 190, veke kr. 320, sesong kr. 640.

Avtala blir sendt til godkjenning hjå dei andre fjellstyra, og blir gjeldande om ingen fjellstyre går imot.

Ordninga med felles stongfiskekort for Jotunheimen fungerer godt, og må vidareførast. Endringane som Lom fjellstyre har foreslått, ser greie og fornuftige ut.

Innstilling til vedtak:

Vågå fjellstyre godkjenner forslag til revidert avtale om fiskekort for Jotunheimen, og dei justeringane som Lom fjellstyre har vedteke i sak 16/21.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Lom fjellstyre

Luster Austre fjellstyre

Vågåmo, 14.04.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyrene.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--------------------------------